



2 uskedalslag i aksjon på Heio under cupen i haust

Eit viktig møte om fotballen i Uskedalen vert halde i hallen onsdag 17. desember klokka 19. Det er trenarane for dei ulike laga mellom 6 og 12 år som har gått saman om å få på plass eit fotballstyre for bygda. Det har dei ikkje no og rett på nyåret er det frister for å melda på dei ulike laga. slik at dei får spela sine kampar og cupar.

Dette vert eit informasjonsmøte om situasjonen, om dei ulike laga, trenarar og lag som manglar trenarar. Det er særst viktig at alle som har ungar med i fotballen kjem.

- Men det er også viktig at andre som er interesserte i at fotballgruppa kjem på beina att, møter fram og held fram med det gode arbeidet som er gjort i alle år, seier trenarane i ein invitasjon.

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen
FOTO: Thor Inge Døssland